



Fræna kommune
Teknisk forvaltning
Plan

Grunneigarar /interessentar
følgje vedlagde liste

Administrativt vedtak
Delegert plansak - nr. 9/2014

Dvkkar ref:

Vår ref
2014/1920-3

Saksbehandlar
Wenche Lyngstad

Dato
02.09.2014

MELDING OM DELEGERT VEDTAK

De vert med dette underretta om at slikt vedtak er fatta:

Forslag til mindre reguleringsendring for reguleringsplan Eidem Sør Industriområde, slik det går fram av planutsnitt datert 01.07.14, blir vedteke.

Vedlagt følgjer saksframlegg med vedtak.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen.

Dette må skje innan tre - 3 - veker etter denne kunngjeringa. Klaga må vere skriftleg og grunngjeven. Klaga skal sendast til det faste utval for plansaker (PLØK) som kan gjere om vedtaket, eller sende den vidare til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Med helsing

Rune Iversen
plan- og bygningssjef

Wenche Johanson Lyngstad
sakshandsamar

Postadresse

Fræna kommune, 6440 Elnesvågen

E-post:

postmottak@frana.kommune.no

Besøksadresse

Kommunehuset

www.frana.kommune.no

Telefon

71 26 81 00

Telefaks

71 26 81 90

Bank

8601.42.36300

Org.nr

845 241 112

Delegert plansak - nr. 9/2014 (vedlegg til brev, melding om vedtak)

MINDRE REGULERINGSENDRING

Reguleringsplan: Eidem Sør Industriområde
Vedteke / stadfesta: 14.12.09
Planident: 09006

Bakgrunn :

Då reguleringsplanen for Eidem Sør Industriområde blei utarbeidd, vart ein del av vegen forbi meieriet (Sjøvegen) regulert inn på GID 42/16. Etter ønskje frå rådmannen, skal vegen flyttas utafør denne eigedomen. Eigedomsgrensa til GID 42/16 mot vest, går langs kanten for parkbelte.

Formålet med vedteken plan:

Å legge til rette for industriområde.

Formålet med endringa:

Å justere vegføringa slik vedlagde planutsnitt datert 01.07.14 viser.

Forslaget til endring har vore sendt til rørte grunneigarar, naboar og andre interessentar for uttale, jamfør Plan- og bygningslova § 12-14, 3. ledd.

Merknader:

Fræna kommune har motteke ein merknad til utsending av førehandsvarsel datert 01.07.14.


Eigar av GID 42/16 skriv at ho har ingen innvendingar mot forslaget dersom:

- Vegen ikkje kjem over på, eller rører hennar eigedom.
- At trerekka langs kanalen får stå.

Ho ønskjer også at det blir laga støyvoll eller at det blir planta der det er moglegheit for det.

Kommentar:

Vegen i det utsendte forslaget er regulert utafor grensa til GID 42/16 og oppfyller dermed det fyrste kravet.



Når det gjeld trekkka langs kanalen og eventuell støyvoll eller planting, er ikkje dette noko som blir løyst i reguleringsplanen.

Dette er ting som kan skrivast i grunnavtalen mellom grunneigar og utbygger når vegen skal endrast.

Jamfør § 12-14 i Plan- og bygningslova og i medhald av reglement for delegering av mynde i Fræna kommune gjer plan- og bygningssjefen slikt vedtak:

Forslag til mindre reguleringsendring for reguleringsplan Eidem Sør Industriområde, slik det går fram av planutsnitt datert 01.07.14, blir vedteke.